



# Informasjonsmøte - Detaljreguleringsplan Prestevika aust

Nordfjordeid 07.04.2025

# Kort introduksjon

## Meg - og mi rolle i oppdraget

- ▶ Ane Marie Gjerland (Norconsult)
- ▶ Oppdragsleiar og fagansvar arealplan

## Norconsult si organisering

Relativt mange fagressursar har vore del av planarbeidet;

- Miljø/marint naturmangfald
- Stormflo/bølgjer
- Veg/trafikk
- Klimagass
- Støy
- Lukt
- 3D-visualisering/konsept
- Mfl.

## Kort om roller i planarbeidet

- ▶ **Stad kommune** er forslagsstillar
- ▶ **Norconsult Norge AS** har utarbeidd planframlegget inkl. deltemautgreingar på vegne av forslagsstillar
- ▶ **Multiconsult** har gjort naudsynte vurderingar mht. områdestabilitet/grunntilhøve

# Om bakgrunnen for planarbeidet


- ▶ **Tilstand ved eksisterande anlegg** – gammalt, nedslite og tilfredsstillende ikkje krava til reinsing, drift, handtering av slam og arbeidsmiljø.
- ▶ **Temaplanen for avløp**  
Definerer mål og strategiar. Nytt reinseanlegg er eitt av to tiltak på nivå 1 – tiltak som er avgjerande for å levere miljømessige forsvarlege avløpstenester.
- ▶ **Nytt avløpsdirektiv frå EU stiller strengare krav til reinsing**
- ▶ **Politiske vedtak**
  - ▶ Oppstart handsama i utval for areal og eigedom den 12. juni 2023
  - ▶ Orienteringssak om merknadar til planarbeidet i utval for areal og eigedom den 6. september 2023
  - ▶ Vedtak om gjennomføring av arbeid med detaljregulering i kommunestyret sak KS-24/033.



Planarbeidet er ei direkte oppfølging av vedtaket gjort i kommunestyret i sak KS-24/033.

# Kort om varsel om planoppstart

- ▶ Stad kommune varsla planarbeidet den 15. juni 2023
- ▶ Frist for uttale den 11. august 2023.
- ▶ Det kom inn 26 uttaler.
- ▶ Ei oppsummering av uttalene følgjer planen som eige vedlegg.




# Stad kommune si plan-bestilling

- ▶ Gjort på bakgrunn av;
  - ▶ Vedtak i kommunestyret og
  - ▶ innkomne uttaler til varselet om oppstart/relevante fag/tema for utgreiing
- ▶ Tilpassa endringar i behov;
  - ▶ helikopterlandingsplassen er teke ut
  - ▶ mottak av slam frå cruisetrafikk er ikkje omtala/teke med som del av føresetnadane for dimensjoneringa av anlegget som del av planframlegget.
- ▶ Planen skal legge rammer for etablering av nytt avlaupsreinseanlegg for Nordfjordeid ved Prestevika småbåthamn/eksisterande avlaupsreinseanlegg.

# Om planarbeidet

- ▶ Planarbeidet starta opp hos Norconsult våren 2024
- ▶ Vi starta med;
  - ▶ eit enkelt romprogram som grunnlag for plassbehovet og
  - ▶ ein enkel situasjonsplan som viste nødvendig manøvreringsareal for større køyretøy (lastebil).
- ▶ Byggegrense mot Rv. 15 avklara mot SVV (15 meter frå vegmidt)




# Områdestabilitet/grunntilhøve

- ▶ Med utgangspunkt i skissa vist på førre side (enkel situasjonsplan) – gjør Multiconsult naudsynte vurderingar med omsyn til områdestabilitet.



## Konklusjon:

- ▶ Ei sjøfylling i området kan etablerast frå land.
- ▶ Fyllinga vert fundamentert på sjøbotn.
- ▶ Det vert anteke at det må mudrast for fyllingsfot.
- ▶ Fyllingsfront må plastrast.



# Kartlegging – Naturmangfald (på land og i sjø)


- ▶ Det er som del av planarbeidet gjort;
  - ▶ Kartlegging av Flikmelde mm. på land og Ålegras i sjø (innanfor planområdet), utført seinsommaren 2024
  - ▶ Kartlegging av Ålegras i indre del av Eidsfjorden (tilleggsbestilling utført tidleg oktober 2024)



# Kartlegging – Naturmangfald (på land og i sjø) forts.

- Kartleggingane og resultata har vore eit viktig grunnlag for planarbeidet

Resultatet av den utvida kartlegginga av Ålegras i indre del av Eidsfjorden (utført i oktober 2024) såg slik ut:



# Moglegheitsstudie

- Formål; Å sjå på ulike måtar å avgrense fyllinga/tiltaket på mht. Ålegras.



## Konklusjon:

Alt. 3 og 4 peika seg ut som mest realistiske mht. måloppnåing, kostnad og konsekvens for miljø/naturmangfald i sjø.


# Kulturminne

- ▶ Alle alternativa som er vurderte som del av moglegheitsstudien rører ved ballastrøysa (ID 303357).

## Utdrag frå planomtala;

*«Røysa er i kulturminnesøk gitt vernestatus automatisk freda og er datert «truleg eldre enn 100 år». Toppen av røysa blir synleg i vassoverflata på lågvatn og er difor godt synleg frå land.*

*Enkeltminnet er som del av planprosessen søkt frigjeve. Regional kulturminnemynde (v/Vestland Fylkeskommune/Bergen Sjøfartsmuseum) har innvilga søknaden om flytting av røysa.»*




# Planframlegget

Planframlegget består av:

- ▶ Plankart
- ▶ Planomtale
- ▶ Planføresegner/-bestemmelsar


Førebels utkast til planframlegg ligg no føre (er oversendt kommunen).

Plansaka er ynskt lagt fram for formannskapet den 12. juni 2025.



# Nærmare om plankartet

Planområdet utgjør i SUM 16,3 dekar



| Arealformål – hovudkategoriar                                               | Areal (daa) |
|-----------------------------------------------------------------------------|-------------|
| Bygningar og anlegg, jf. § 12-5 nr. 1                                       | 2,3         |
| Avløpsanlegg                                                                | 1,6         |
| Uthus/naust/badehus                                                         | 0,7         |
| Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, jf. § 12-5 nr. 2                 | 2,6         |
| Køyereveg                                                                   | 0,6         |
| Gang-/sykkelveg                                                             | 0,2         |
| Annan veggrunn – grøntareal                                                 | 0,4         |
| Teknisk infrastruktur                                                       | 1,4         |
| Grøntstruktur, jf. § 12-5 nr. 3                                             | 3,4         |
| Turdrag                                                                     | 0,3         |
| Friområde                                                                   | 3,1         |
| Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone, jf. § 12-5 nr. 6 | 8,0         |
| Småbåthamn                                                                  | 3,3         |
| Friluftsområde i sjø og vassdrag                                            | 4,7         |
| Totalt alle kategoriar                                                      | 16,3        |

# KU-på marint naturmangfald

- Eiga konsekvensutgreiing.

## Grunnlag for vurderinga:

- Kartleggingane av Ålegraseng.
- Beslaget på sjøbotn er estimert til ca. 3 670 m<sup>2</sup>.
- Fyllinga utgjer ca. 4,2 % av enga sitt totale areal.
- Samla sett er planen vurdert til å medføre **noko negativ konsekvens** for marint naturmangfald.

Vurdering av verdi og påvirkning er oppsummert i tabellen nedenfor, og konsekvensgraden for de ulike delområdene er også presentert her.

| Delområde                                      | Verdi      | Påvirkning    | Konsekvensgrad |
|------------------------------------------------|------------|---------------|----------------|
| Delområde A – ålegrasenger                     | Stor       | Noe forringet | Noe (-)        |
| Delområde B – gyteområde for torsk             | Middels    | Noe forringet | Noe (-)        |
| Delområde C – funksjonsområde for sjøfugl      | Svært stor | Noe forringet | Noe (-)        |
| Delområde D – funksjonsområde for anadrom fisk | Svært stor | Noe forringet | Noe (-)        |

# ROS-analyse

- ▶ Det er som del av planframlegget utarbeidd risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS).
- ▶ Følgjande farar er utgreidde som del av analysen:
  - ▶ grunnforhold
  - ▶ stormflo og bølger
  - ▶ ekstremnedbør/overvatn
  - ▶ kjemikalieutslepp/akutt forureining
  - ▶ transport av farleg gods og
  - ▶ dambrot.
- ▶ Planområdet står med dei tiltaka som er omtala og føresett følgt opp – som **lite til moderat sårbart**.



# Trafikk


- ▶ Det er som del av planen utarbeidd eige **trafikknotat** (dagens og framtidig situasjon).

## Kort oppsummert:

- ▶ Trafikksituasjonen i området er føresett å forbli uendra.
- ▶ Dvs. at dagens trafikk (både til småbåthamna, nausta og reinseanlegget) vert vidareført.
- ▶ Tiltaka som planen legg til rette for er ikkje føresett å gje meir biltrafikk.
- ▶ Det følgjer av planen krav om at eksisterande avkøyrslø vert opparbeidd i samsvar med krava i N100.

# Klimagass



- ▶ Det er gjort ei overordna vurdering av klimagass knytt til planlagt utfylling i sjø.
- ▶ Vurderinga er avgrensa til vurderingar knytt til;
  - ▶ arealbruk (beslag på sjøbot inkl. ålegras),
  - ▶ volum fyllmassar (mengde),
  - ▶ transportavstand (massar) og
  - ▶ andel bruk av maskiner på anlegg og frakt av massar som går på elektrisitet vs. fossilt.



Figur 5: Totalt klimagassutslipp for samtlige alternativer over en analyseperiode på 60 år.

# Stormflo/bølgjer

- Området er utsett for stormflo/bølgjeoppskoling
- Utarbeidd notat legg per no til grunn 2 alternativ for erosjonssikring og bølgjevern:



# Lukt og støy

Lukt (det vert utarbeidd eigen rapport som omhandlar temaet)

- ▶ Det er bestilt vinddata frå Kjeller vindteknikk som skal nyttast i vurderingar knytt til ev. lukt frå anlegget.
- ▶ Rapporten skal vere ferdig til påske.
- ▶ Informasjon om temaet vil følgje planframlegget på høyring.

Støy (det er ikkje føresett at det vert utarbeidd eigen rapport)

- ▶ Det vert lagt til grunn framlegg til føresegnar som tek i vare omsynet til støy i samsvar med retningslinje T-1442 om støy i arealplanar for tiltaket.

Begge temaa skal bli handtert i samsvar med gjeldande retningslinjer og forskrifter som del av planframlegget.

# Vidare arbeid

- ▶ Visualisering – vurdering av nær-/fjernverknad og ev. sol/skugge.
- ▶ Det er etablert ein 3D-modell som kan brukast til formålet.
- ▶ Krav til arkitektur, stadtilpassing og utforming skal vurderast nærmare.



# Viktige moment å merke seg

- ▶ Forprosjektet for reinseanlegget vil bli gjennomført etter vedtak av planen
  - ▶ Dvs. at val av reinseteknologi og endeleg utforming av anlegget ikkje vert fastsett no.
- ▶ Planen legg «rammer» for etablering av nytt reinseanlegg
  - ▶ Dvs. at vi per no har lagt til grunn maks utfylling og maks bygningsvolum i alt av illustrasjonar som vil følgje planen.
  - ▶ Både fyllinga og anlegget kan bli mindre enn det som er synt.
  - ▶ Romprogram vs. areal avsett til avlaupsreinseanlegg i plankartet.
- ▶ Vi kan ikkje gje dykk alt av detaljar
- ▶ Det er likevel viktig at det kjem med innspel/uttaler knytt til tilhøve som uavhengig av forprosjektet vil kunne ha betydning for dykk.
  - ▶ T.d. ynskjer om tiltak som er viktig for bruken av området, materialbruk, formgrep som påverkar nær-/fjernverknad etc.

## Vidare framdrift / Moglegheiter for medverknad

- ▶ Det er ynskt å få saka opp i formannskapet den **12. juni 2025**.
- ▶ Planen skal deretter leggst ut på høyring og offentleg ettersyn i minst **6 veker**.
- ▶ Administrasjonen vil etter dette gå gjennom innkomne merknader og gjere eventuelle justeringar før kommunestyret får reguleringsplanen til **slutthandsaming og vedtak**.

Informasjon om det pågåande planarbeidet vert fortløpande lagt ut på kommunen si heimeside:

[Nordfjordeid reinseanlegg - Hovedportal](#)


# Frå kyrkja



# Fugleperspektiv



# Skårhaugneset



# Frå Sagastad





Every day we improve everyday life